



Møteprotokoll for Utval for levekår

Møtedato: 03.09.2019
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09.00 – 15.10

Møtet vart styrt av leiar Sølvi Knudsen, SP.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 27.08.2019 og møtet var kunngjort i pressa 19.06.2019 og 28.08.2019.

Øystein Berland Blom møtte ikkje.
Nina Åsebø Olsvoll fekk permisjon frå kl. 11.30.

Av 9 medlemmer var 8 til stades ved handsaming av sak 25/2019 – 32/2019.
Av 9 medlemmer var 7 til stades ved handsaming av sak 33/2019 – 38/2019.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Utvalsleiar
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Tom Inge Karlsen	AP	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Ørjan Evald Kristiansen	Uavh	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Torstein Flatøy	KRF	Varamedlem
Nina Åsebø Olsvoll	Uavh	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Beate Seveline Eknes	Uavh
Stian Lavik	KRF
Øystein Berland Blom	H

Desse møtte frå administrasjonen:

Leiar Meland heimeteneste Britt Romarheim og leiar Meland sjukeheim Randi R. Minde møtte til sak 30/2019.

Leiar NAV Arngunna Haga og integreringskonsulent Cathrine Gangstø møtte til sak 31/2019.

Leiar kultur møtte til sak 32/2019, 33/2019 og 34/2019.

Prosjektleiar Ronny Landaas møtte til sak 33/2019.

Rektor Meland ungdomsskule Hilde B. Hugaas møtte til sak 35/2019 og 36/2019.

Prosjektleiar Anette Hesjedal møtte til sak 36/2019.

Helsesjef Tord Moltumyr, leiande helsesøster Tove Wiig Aadland og kommunalsjef oppvekst Kristin Moe møtte til sak 37/2019.

Leiar for teknisk drift Paal Tønning møtte til sak 38/2019.

Protokollfører: Helge Kvam

5 september 2019

Sølvi Knudsen
leiar

Randi Hilland
Konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
25/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
26/2019	Godkjenning av møteprotokoll
27/2019	Referatsaker
28/2019	Uttale til salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 - KIWI 810 Holme
29/2019	Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn
30/2019	Orientering status drift i heimetenesta og sjukeheim
31/2019	NAV - orientering om Gründersporet
32/2019	Kulturprisen 2019
33/2019	Orientering om status - Meieriet Frekhaug
34/2019	Framtidig plassering av Elias Mjåtveithuset
35/2019	Orientering -realfagsprosjekt
36/2019	Statusrapport prosjekt Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø august 2019
37/2019	Orientering helsetilbod barn og unge
38/2019	Aktuelle saker

25/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

03.09.2019 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 25/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

26/2019: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll vert godkjent.

03.09.2019 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 26/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Møteprotokoll frå møte 28.05.2019 vert godkjent.

27/2019: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

03.09.2019 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 27/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering.

28/2019: Uttale til salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 - KIWI 810 Holme

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår har ingen merknad til søknad frå NG KIWI Vest AS om salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 – KIWI 810 Holme.

03.09.2019 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 28/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for levekår har ingen merknad til søknad frå NG KIWI Vest AS om salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 – KIWI 810 Holme.

29/2019: Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret godkjenner avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn slik den ligg føre (vedlegg).

Rådmann får fullmakt til å godkjenne seinare mindre vesentlege revisjonar av avtalen, og peiker ut aktuelle kontaktpersoner som representerer kommunen.

03.09.2019 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 29/2019 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn slik den ligg føre (vedlegg).

Rådmann får fullmakt til å godkjenne seinare mindre vesentlege revisjonar av avtalen, og peiker ut aktuelle kontaktpersoner som representerer kommunen.

30/2019: Orientering status drift i heimetenesta og sjukeheim

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek informasjon om status drift for heimetenesta og sjukeheim til vitande.

03.09.2019 UTVAL FOR LEVEKÅR

Leiar heimetenesta Britt Romarheim og leiar Meland sjukeheim orienterte.

ULK - 30/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for levekår tek informasjon om status drift for heimetenesta og sjukeheim til vitande.

31/2019: NAV - orientering om Gründersporet

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek informasjon om Gründersporet til vitande.

03.09.2019 UTVAL FOR LEVEKÅR

Leiar Nav Arngunna Haga og og integreringskonsulent Cathrine Gangstø viste ein powerpoint-presentasjon.

Tilleggsframlegg frå Sølvi Knudsen. SP:

Utval for levekår er svært nøgd med arbeidet med Gründersporet, som er ei nyvinning innan introduksjonsprogrammet.

Dette arbeidet må vidareførast i Alver kommune.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen og tilleggsframlegg frå Sølvi Knudsen vart samrøystes vedteke.

ULK - 31/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for levekår tek informasjon om Gründersporet til vitande.

Utval for levekår er svært nøgd med arbeidet med Gründersporet, som er ei nyvinning innan introduksjonsprogrammet.

Dette arbeidet må vidareførast i Alver kommune.

32/2019: Kulturprisen 2019

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår vurderer nominasjonar i møtet.

03.09.2019 UTVAL FOR LEVEKÅR

Leiar kultur Eirik Utne orienterte.

Framlegg til vedtak i møte:

Kulturprisen 2015 - 2019 vert utdelt til Bjarte Leithaug, Svein Arne Dale og Trond Egil Soltvedt.

Leiar og nestleiar i utvalet får, i samarbeid med tenesteområde kultur, i oppdrag å finne fram til kunstverk som skal utgjere prisen. Det er ynskjeleg at det vert nytta lokal kunstnar.

Det vert i tillegg gitt ein pengegåve.

Kunstprisen vert utdelt ved eit passende høve.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak i møte vart samrøystes vedteke.

ULK - 32/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Kulturprisen 2015 - 2019 vert utdelt til Bjarte Leithaug, Svein Arne Dale og Trond Egil Soltvedt.

Leiar og nestleiar i utvalet får, i samarbeid med tenesteområde kultur, i oppdrag å finne fram til kunstverk som skal utgjere prisen. Det er ynskjeleg at det vert nytta lokal kunstnar. Det vert i tillegg gitt ein pengegåve.

Kunstprisen vert utdelt ved eit passande høve.

33/2019: Orientering om status - Meieriet Frekhaug

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek orienteringa til vitande

03.09.2019 UTVAL FOR LEVEKÅR

Leiar kultur Eirik Utne og prosjektleiar Ronny Landaas orienterte.

ULK - 33/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for levekår tek orienteringa til vitande

34/2019: Framtidig plassering av Elias Mjåtveithuset

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek saka til vitande.

03.09.2019 UTVAL FOR LEVEKÅR

Leiar kultur Eirik Utne orienterte.

Alternativt framlegg til vedtak frå Sølvi Knudsen, SP:

Utval for levekår ber administrasjonen sjå på plassering av Eliashuset ved sida av Sjursethuset i den såkalla Meieriparken.

Dette bør arbeidast med i eit samarbeid med søkjarane i saka.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Sølvi Knudsen fekk 6 røyster for, (SP, KrF, 1 AP, H, Uavh, MDG), 1 røyst mot, (AP), og er såleis vedteke.

ULK - 34/2019 VEDTAK (MOT 1 RØYST):

Utval for levekår ber administrasjonen sjå på plassering av Eliashuset ved sida av Sjursethuset i den såkalla Meieriparken.

Dette bør arbeidast med i eit samarbeid med søkjarane i saka.

35/2019: Orientering -realfagsprosjekt

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for Levekår tek orienteringa om realfag til vitande.

03.09.2019 UTVAL FOR LEVEKÅR

Rektor Meland ungdomsskule Hilde B. Hugaas orienterte.

ULK - 35/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for Levekår tek orienteringa om realfag til vitande.

36/2019: Statusrapport prosjekt Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø august 2019

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret tek informasjon om status for Prosjekt Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø august 2019 til vitande

03.09.2019 UTVAL FOR LEVEKÅR

Rektor Meland ungdomsskule Hilde B. Hugaas og prosjektleiar Anette Hesjedal orienterte.

Alternativ framlegg til vedtak frå Sølvi Knudsen, SP:

Kommunestyret har gjennom rapporten fått kunnskap om det viktige arbeidet som er gjort vedk. trygt og godt skulemiljø.

Kommunestyret meiner at dette arbeidet må vidareførast i nye Alver kommune.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Sølvi Knudsen vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for, 7 røyster mot, og fall.

ULK - 36/2019 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret har gjennom rapporten fått kunnskap om det viktige arbeidet som er gjort vedk. trygt og godt skulemiljø.

Kommunestyret meiner at dette arbeidet må vidareførast i nye Alver kommune.

37/2019: Orientering helsetilbod barn og unge

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek informasjon om helsetilbod barn og unge til vitande.

03.09.2019 UTVAL FOR LEVEKÅR

Helsesjef Tord Moltumyr, leiande helsesøster Tove Wiig Aadland og kommunalsjef oppvekst Lindås Kristin Moe orienterte.

Alternativt framlegg til vedtak frå Sølvi Knudsen, SP:

Utval for levekår har saman med representantar frå ungdomsrådet fått orientering om helsetilbod til barn og unge.

Utvalet tek informasjon til vitande.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Sølvi Knudsen vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for, 7 røyster mot, og fall.

ULK - 37/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for levekår har saman med representantar frå ungdomsrådet fått orientering om helsetilbod til barn og unge.

Utvalet tek informasjon til vitande.

38/2019: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

03.09.2019 UTVAL FOR LEVEKÅR

Følgjande saker vart tekne opp:

Sølvi Knudsen:

1. Har sett nokre kommunale utleigebustader som ser svært skitne og ustelte ut. Eg ønskjer at Utval for levekår får informasjon om stoda ev. etterslep på innvendig og utvendig vedlikehald på denne type bustader.

Leiar for teknisk drift Paal Tønning orienterte.

2. Utval for levekår diskuterte TV-aksjonen og vil samarbeide med tenesteområde kultur.

ULK - 38/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Orienteringane vart tekne til vitande.
